

INNLEIING.

Salten sorenskrivarembete (til delinga av embete i 1896).

I Magnus Lagabøtes testamente er Hålogaland oppført som eitt fylke. I alt skal det ha vore 13 skipreider her. Kor mange av desse høyrde til Salten, er uvisst. E. Bull d.e. ("Leding", s. 108 og 110) meiner at Gildeskål må ha vore ei skipreide, ettersom dette området er namnt som eitt av utreidsledistrikta for leidang, i 1529. Meir veit ein ikkje om skipreidene i gamle Salten sorenskriveri, og det er tydeleg at denne administrative inndelinga aldri slo rot korkje her eller i landsdelen elles.

I matriklar og tingbøker for Salten frå sist på 1600-talet fram til etter 1800 blir omgrepet "fjerding" nytta som område-eining for tinghald. "Fjerding" blir brukt så seint som i ein skattematrikkel frå ca. 1820. Til siste halvdel av 1700-talet var det 10 fjerdingar i Salten sorenskriveri, nemleg (frå sør mot nord): Gildeskål, Salten (dvs. Skjerstad og Saltdal), Bodø, Folda, Engel, Ledingen, Hamarøy, Heggstad, Tjeldsund og Ofoten.

I matrikkelen av 1786 ser vi at Gildeskål og Beiarn utgjer to fjerdingar, mot før ein. Likeeins er nå Skjerstad og Saltdal fjerdingar kvar for seg, mot før ein, Salten, fjerding. Den samme inndelinga framgår av tingboka for 1780-åra.

I matrikkelen av 1838 er sorenskriveriet inndelt i 8 tinglag (nemninga "tinglag" har her tatt over for "fjerding"), nemleg Gildeskål og Beiarn, Skjerstad og Saltdal, Bodø, Folda, Engeløy og Ledingen, Hamarøy, Heggstad og Tjeldsund, og Ofoten.

Jens Kraft ("Beskrivelse over Kongeriget Norge", 6.del II, s. 430) skriv: "Saaledes var indtil omtrent 1690 Salten deelt i to Sorenskriverier, det Søndre og det Nordre, hvoraf det første, under hvilket hørte Gilleskaals, Skjerstads, Saltdalens, Bodøe og Foldens Præstegjelde, (...)". Ca 1690 skal så desse to sorenskriveria ha blitt slått saman til eitt, Salten, sorenskriveri.

Eg har hittil ikkje funne noka stadfesting på dette, så påstanden om at Salten var delt til ca. 1690 får stå for opphavsmannen si rekning.

Avgang/tilgang.

Ved kgl. res. 5.aug. 1816, iverksett ved amtmannens ordre av 31. jan. 1830, heiter det at den delen av Gildeskål prgj. som til då hadde høyrte til Helgelands verdslege jurisdiksjon, nemleg m.nr. 65-79, 86, 88 og 90, lnr. 234-250, i Meløy, skulle leggjast til Salten fogderi og sorenskriveri, med n.m.nr. 1-17 i Gildeskål. Dermed vart det samsvar mellom geistleg og verdsleg jurisdiksjon i Gildeskål.

Ved kgl. res. 23.sept. 1843 vart det bestemt at fiskeværet, øya Skrova og garden Hattvik, som til då hadde høyrte til Heggstad og Tjeldsund (frå 1898 kalla Lødingen) tinglag, Salten sorenskriveri, med g.m.nr. 25 og 24, n.m.nr. 1-2, lnr. 1-2, i dette tinglag, nå skulle leggjast til Lofoten og Vesterålen sorenskriveri, Vågan tinglag, med lnr. 91-92, seinare gnr. 47-48, der. Samstundes vart det gjort vedtak om at gardane Kvannkjøs og Svartskar, som hadde hatt g.m.nr. 30 og 28, n.m.nr. 46-47 og l.nr. 90-96 i Vågan tinglag, skulle leggjast til Heggstad og Tjeldsund tinglag, med samme m.nr. og lnr. der. Følgjeleg vart desse to gardane overførte frå Lofoten og Vesterålen til Salten sorenskriveri. Dei fekk seinare gnr. 1-2 i Lødingen herad.

Tinglag.

Om endingar i Gildeskål i 1816, sjå u. "Avgang/tilgang".

Ved kgl. res. 10.mai 1852 vart garden Bjørkli, m.nr. 93, lnr. 240 i Bodø, lagd til Gildeskål tinglag, med samme mnr. og lnr. der. Bjørkli fekk seinare gnr. 2 i Beiarn herad.

Ved kgl. res. 14.nov. 1885 vart Skjerstad og Saltdal tinglag delt i to, i Skjerstad tinglag og Saltdal tinglag, som svara til herada med samme namn.

Ved kgl. res. 10.okt. 1891 vart Bodø kjøpstad skild frå Bodø (Bodin) tinglag som eigen jurisdiksjon med eigne byting.

Om endringar i Heggstad og Tjeldsund, sjå u. "Avgang/tilgang".

Sjå vidare u. Salten (nye) sorenskrivarembete, s. IV.

Herad.

På amtsformannskapsmøtet i Bodø 15.juli 1846 møtte ordførarar/viseordførarar frå følgjande formannskapsdistrikt i Salten fogderi: Gildeskål, Skjerstad, Saltdal, Bodø, Folda, Steigen, Hamarøy,

Lødingen og Ofoten, 9 i alt.

Ved kgl. res. 3.sept. 1852 vart Gildeskål prgj. delt i to formannskapsdistrikt, i Gildeskål distrikt og Beiarn distrikt, som svara til soknene med samme namn.

Ved kgl. res. 12.sept. 1868 vart Lødingen herad delt i to, i Lødingen herad og Tysfjord herad, som svara til prestegjelda med samme namn.

Ved kgl. res. 16.april 1886 vart Folda herad delt i to, i Sørfold herad, som svara til sokna med samme namn, og Nordfold/Kjerringøy herad, som svara til soknene med samme namn.

Ved kgl. res. 21. okt. 1893 vart garden Movik, gnr. 41 i Nordfold sokn, Nordfold/Kjerringøy herad, overført til Sørfold herad, og fekk gnr. 79 der.

Ved kgl. res. 9.mars 1883 vart Ofoten herad delt i to, i Evenes herad og Ankenes herad, som svara til soknene med samme namn.

Det gamle Salten sorenskriveri omfata såleis ved inngangen til 1896, delingsåret, 13 herad, fordelt på 9 tinglag.

Embetsdistriktet spente over ca 16.000 km² og rømde (1896) 41.813 innbyggjarar, herav 3.656 i Bodø kjøpstad. I distriktet vart det halde tinglagsvise ting: eitt årleg sake- og skatte-ting på føresommaren og eitt saketing i tillegg, i oktober. For Bodø (Bodin) tinglag vart det halde 6 månadsting årleg, for Bodø kjøpstad byting kvar månad (frå 1891).

Attåt den veksande forretningsmengda, som sterkast aktualiserte deling av embetet, kom det at det vidstrekke embetsdistriktet også baud på topografiske og klimatiske tilhøve, særigne for landsdelen, som gjorde kommunikasjon utetter i distriktet vanskeleg. Embetet hadde lenge vore moge for deling, og diskusjonen om dette hadde alt i mange år pågått, også på høgste plan. Haken var den at det ikkje var lett å einast om kva delingsplan som høvde best.

Alt ved utnemninga av sorenskriver Nergaard i 1871 sto ein tvedelingsplan sentralt i ordskiftet. Seinare kom denne meir i bakgrunnen, for skuld Bodø kjøpstads vekst, og med den, behovet for ein særjurisdiksjon for byen. Dette problemet fekk ei løysing i oppretting av eit mellombels politimeister- og magistrats-embete for Bodø kjøpstad i 1891, som fritok sorenskriveren for ein del embetsoppgåver i byen.

Men det viste seg snart at dette berre i utilstrekkeleg grad retta opp mishøvet mellom arbeidsplikter og -kapasitet i sorenskriver-embetet.

Og to delingsplanar for embetet kom nå i fokus:

Den eine medførde ei god arrondering av dei nye distrikta, med delelinja anten nordom Folda tinglag eller igjennom dette, slik at Nordfold sokn ville koma inn under det nørdeste distriktet.

Den andre planen la vekt på ei meir lik fordeling av arbeidspliktene i dei nye embeta: Det var Bodø by som var hovudytar til den sterkt veksande forretningsmengda på skrivar-kontoret.

Det nye embetsdistriktet som Bodø by skulle liggja i måtte av denne grunn ikkje omfata noko stort område.

Bl.a. gjekk fut og skrivar inn for kvar sin variant av den førstnemnde planen, medan m.a. amtmannen stødde den andre. Departementet hadde same syn som amtmannen, og ved kgl. res. 2.mai 1896 vart det bestemt at Salten skulle delast i

a. Bodø sorenskrivarembete, av Bodø kjøpstad, Bodø (Bodin) tinglag og Gildeskål og Beiarn tinglag, og

b. Salten sorenskrivarembete, av resten av gml. Salten sorenskriveri. Stortingskomiteen som behandla delingssaka, fann likevel å vilja gå inn for den førstnemnde planen. Komiteen hevda at arronderinga av distrikta vart betre ved ei slik løysing, at sorenskrivaren i det nørdeste embetet skulle ha bustad i distriktet (ikkje i Bodø), at ein ved denne løysinga ikkje trong tenkja på nyorganisering av embeta når Bodø med tida ville få oppretta særskilt dommarembete (sjå u. Salten (nye) sorenskrivarembete).

Ved kgl. res. 27.juli 1896 vart det bestemt at det gamle Salten sorenskriveri skulle delast i to, slik at det sönste distriktet skulle omfata forutan Bodø kjøpstad også tinglaga Bodø (Bodin), Gildeskål og Beiarn, Skjerstad, Saltdal og Folda, det nørdeste skulle omfata tinglaga Engeløy og Ledingen (frå 1898 kalla Steigen), Hamarøy, Heggstad og Tjeldsund (Lødingen) og Ofoten.

Det sönste embetet skulle ha namnet Salten, det nørdeste Steigen, sorenskrivarembete. (Om Salten vidare, sjå nedunder, om Steigen, s. X).

Om førearbeid til og resolusjonar om deling, sjå Departementstidende 1896, s. 614-621, 625-634, 647-653 og 657-661, og Lovtidende, 2.rekke, 1896, s. 121-122).

Salten (nye) sorenskrivarembete (til delinga av embetet i 1950).

Alt den 19.april 1899 vart det bestemt at Bodø byfutembete skulle opprettast, med verknad frå 1.juli s.å.

Bodø byfutembete vart nedlagt ved kgl. res. 11.mai 1934.

Magistratsforretningane som ikkje sorterte under skifteforvaltaren, og notarialforretningane i Bodø by, vart nå overførte til politi-meistaren i byen.

Avgang/tilgang.

Ved lov av 26.mai 1900 vart Bodø kjøpstad utvida på Bodins kostnad (sjå Lovtid. 1900 2.rekke s. 407-409).

Ved kgl. res. 29.des. 1900 vart Bodø kjøpstad på nytt utvida på Bodins kostnad (sjå Lovtid. 1900, 2.rekke, s.882).

Tinglag

Ved kgl. res. 25.mai 1904 vart Gildeskål og Beiarn tinglag delt i to, i Gildeskål tinglag og Beiarn tinglag, som svara til herada med samme namn.

Ved kgl. res. 16.okt. 1907 vart Skjerstad tinglag delt i to, i Skjerstad tinglag og Fauske tinglag, som svara til herada med samme namn.

Herad

Ved kgl. res. 24.sept. 1904 vart Skjerstad herad delt i to, i Skjerstad herad og Fauske herad, som svara til prestegjelda med samme namn.

Ved kgl. res. 27.juli 1905 vart Nordfold/Kjerringøy herad delt i to, i Nordfold herad og Kjerringøy herad, som svara til soknene med samme namn.

Ved kgl. res. 24.juni 1938 vart Bodø kjøpstad utvida endå ein gong (sjå Lovtidende 1938, 2.rekke, s. 407-409).

Ved kgl. res. 20.mai 1949 vart Hjelbunes, gnr. 41, bnr. 3 i Skjerstad herad overført til Saltdal herad, og fekk gnr. 63 der.

Ved kgl. res. 2.juni 1950 vart Bodø sorenskrivarembete oppretta. Det skulle omfata Bodø kjøpstad og herada Beiarn, Gildeskål, Meløy og Rødøy. Dei to sistnemnde herada vart lagde til Bodø frå Rana sorenskriveri.

Ved oppretting av Bodø sorenskriveri fekk sorenskrivaren i Salten redusert sitt embetsområde. Att vart herada Bodin, Skjerstad,

Fauske, Saltdal, Sørfold, Kjerringøy og Nordfold.

Bodø sorenskrivarembete.

Avgang/tilgang

Ved lov av 30.mai 1958 vart Bodø kjøpstad utvida på Bodins kostnad (sjå Lovtidende 1958, 2. rekke, s. 203).

Ved kgl. res. 26.jan. 1962 vart Bodin og Kjerringøy herad minus Brennsundområdet slått saman. Samstundes vart delar av Skjerstad og Sørfold herad overførde til denne eininga (sjå vidare u. Bodø bykommune, s. VI). Ved kgl. res. 13.jan. 1967 vart så Bodø by og Bodin herad slått saman til ein, Bodø, bykommune.

Ved kgl. res. 13.april 1962 vart herada Nordfold minus Mørsvikbotn, Leiranger (tidl. Ledingen) og Steigen slått saman til eitt, Steigen her (s.d., s. X). I og med denne samanslåinga vart Nordfold herad overført frå Salten til Steigen herad. Dette nye heradet vart vidare lagt frå Steigen til Salten sorenskriveri. Steigen sorenskriveri skifte nå namn til Ofoten sorenskriveri. (kgl.res. 4.okt. 1963).

(Samstundes med denne samanslåinga skjedde andre jurisdiksjonsendringar i distriktet, sjå u. Sørfold herad. s. IX, Hamarøy herad s. XI, og Tysfjord herad s. XII).

i 1967 vart Bodø sorenskrivarembete nedlagt og Bodø byfutembete oppretta, med verknad frå 1.1.1968. Det nye byfutembetet skulle omfata berre Bodø by. Salten sorenskrivar overtok frå det nedlagde Bodø sorenskriveri herada Beiarn, Gildeskål, Meløy og Røddøy, og avgav altså samstundes tidl. Bodin herad til Bodø by og byfutembete.

Bodø byfutembete.

Bodø bykommune.

Sjå u. Bodø sorenskrivarembete.

Ved den ovannemnde resolusjonen 26.jan. 1962 vart gardane på nord-sida av Skjerstadsfjorden, gnr. 79-82 i Skjerstad, lagde til Bodin, og fekk gnr. 114,117 der. Til Bodin vart nå også lagde gardane i tidl. Kjerringøy herad minus Brennsundbruka, gnr. 42 og 44-57 i Kjerringøy, endra til gnr. 118-132 i Bodin; og endeleg Øyjordområdet

av Sørfold herad, med gnr. 73-77 i Sørfold, endra til gnr. 133-137 i Bodin.

Ved samanslåing av byen og Bodin herad ved kgl. res. 13.jan. 1967 fekk Bodin bykommune gnr. 1-137.

Skisse over heradsutviklinga - sjå fellesskisse over denne utviklinga for alle embeta i det gamle Salten sorenskriveri-omr det, s. XV.

Salten sorenskrivarembete.

Sjå u. Bodø sorenskrivarembete og byfutembete, s. VI og VII.

Rødøy herad.

Les om deling av Rødøy tinglag i 1884 i katalog over Helgeland m/fl sorenskrivarembete, Innleiing, s. XI.

Les smst. om reorganisering av tinglaga i nordre Helgeland iflg. plan av 11.feb. 1927.

Rødøy var eitt av fem formannskapsdistrikt i nordre Helgeland dei første 30-40 åra etter innføring av det kommunale sjølvstyret.

(Dei andre 4 distrikta var Lurøy, Nesna, Hemnes og Mo).

Rødøy herad vart delt ved kgl. res. 9.mars 1883, i Rødøy herad og Meløy herad, som svara til soknene med samme namn.

Sjå om Rødøy også u. Bodø sorenskr., s. VI og VII.

Rødøy herad par pr. 1.mars 1978 gnr. 1-80

Meløy herad.

Sjå u. Rødøy herad ovafor, og u. Bodø sorenskr., s. VI og VII.

Les om grenseendring Gildeskål/Meløy (då tilh. Rødøy prgj. og tinglag) i 1816 u. Salten sorenskrivarembete. "Avgang/tilgang", s. II.

Meløy herad har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-87.

Gildeskål herad.

Les om grenseendring Gildeskål/Meløy(Rødøy prgj. og tinglag) i 1816 u. Salten sorenskrivarembete, "Avgang/tilgang", s. II.

Sjå også u. Salten sorenskr., "Herad", s. II

Les om Gildeskål også s. VI og VII.

Gildeskål herad har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-37 og 39-92.

Beiarn herad.

Sjå u. Gildeskål herad ovafor.

Les om overføring av garden Bjørkli frå Bodø til Gildeskål (Beiarn) s. II, "Tinglag".

I 1907-matrikkelen er Beiarn herad oppført med gnr. 61 Tiurdal som siste gnr.. Seinare har desse matrikuleringane kome til: Gnr. 62 Tverånes, gnr. 63 Kysknes, gnr. 64 Tyvå, gnr. 65 Tollånes og gnr. 66 Fiskos.

Beiarn herad har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-24, 26-52 og 54-66.

Skjerstad herad.

Sjå om Skjerstad u. "Herad", s. II, u. "Herad", s. V , og u. Bodø bykommune, s. VI.

Ved ein forretning 29.juni, tingl. 1.sept. 1910 vart ein part av Misværmarkens statsskog skyldlagd. Parten fekk gnr. 83, bnr. 1, med bruksnamnet "Bjørkmo".

Ved ein forretning 7.sept. 1922, tingl. 6.mars 1923, vart bnr. 1 "Solheim", av Svartvatn, skyldlagt. Svartvatn fekk gnr. 84. Det er nå fleire bnr. under gnr. 83 og 84.

Skjerstad har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-42 og 83-84.

Saltdal herad.

Sjå om Saltdal u. "Herad", s. II.

Om overføring av Hjelbunes frå Skjerstad til Saltdal - sjå u. "Herad", s. V.

Ved grenseregulering mellom Fauske og Saltdal i 1908 gjekk ein parsell av gnr. 119 Sulitjelma over frå Fauske til Saltdal herad. Skylddelingsforretning vart halden 14. og 15. sept. 1910, tingl. 16.jan. 1911. Parsellen, Kjerrtoppen statsalmenning, fekk gnr. 54 i Saltdal.

Gnr. 55 Kvandal vart etablert ved skyldleggjingsforretning 26.mai, tingl. 7.juli 1913.

Gnr. 56 Borkamo vart etablert ved skyldleggjingsforretning 15.juli, tingl. 18.aug. 1914.

Gnr. 57 Nystadnes vart etablert ved skyldleggjingsforretning 15. juli, tingl. 18.aug. 1914.

Gnr. 58 Kvandal statsskog vart etablert ved skyldleggjingsforretning 16.juli, tingl. 18.sept. 1914.

Gnr.59 Jarbrufjell statsskog vart etablert ved skyldleggjingsforretning 12.juni, tingl. 18.sept. 1933.

Seinare har følgjande gnr. blitt etablerte: Gnr. 60 Graddis, gnr. 61 Fredheim, gnr. 62 Lifjell og - forutan Hjelbunes, sjå ovafor - gnr. 64 Brattli.

Saltdal herad har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-64.

Fauske herad

Om Fauske, sjå u. Salten sorenskr., "Herad", s. V, og u Saltdal herad, s. VIII.

Fauske herad har pr. 1.mars 1978 gnr. 43-119.

Sørfold herad.

Om Sørfold, sjå deling av Folda herad, og overføring av Movik frå Nordfold til Sørfold (gnr. 79), u. "Herad", s. II og III.

Seinare er også eigedomen Fagerbakken blitt skyldlagt og gitt gnr. 80 i Sørfold.

Om overføring av gardar frå Sørfold til Bodin ved res. 26.jan. 1962 (gnr. 73-77 i Sørfold), sjå u. Bodø sorenskrivar, s VI, og Bodø bykommune, s. VI.

Ved kgl. res. 13.april 1962 vart Nordfold, Leiranger og Steigen herad slått saman til eitt, Steigen, herad. Ein mindre del av gml. Nordfold herad vart samstundes lagd til Sørfold herad. Det gald Mørsvikbotn, gnr. 21-30 i Nordfold, nå endra til gnr. 81-90 i Sørfold.

Sørfold herad har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-72 og 78-90.

Steigen herad

Sjå om Steigen u. "Herad", s. II, u. avsnittet om embetsdelinga s. IV, og u. Bodø sorenskr., "Avgang/tilgang", s. V.

Med embetsdelinga i 1896 vart Steigen altså lagt til det nørdeste, Steigen, sorenskriveriet. Ved kgl. res. 11.nov. 1899 vart Steigen herad delt i to, i Steigen herad og Ledingen (frå 1909 Leiranger) herad, som svara til soknene med samme namn.

Ved samanslåing av Nordfold, Leiranger og Steigen til eitt herad (sjå ovafor) gjekk ein mindre del, Mørsvikbotn, av Nordfold til Sørfold. Mørsvikbotn omfata før samanslåinga gnr. 21-30 i Nordfold, så gnr. 1-20 og 31-40 av tidl. Nordfold gjekk til Steigen nye herad og fekk gnr. 96-125 der. Hit vart lagt også Brennsund-bruka i tidl. Kjerringøy herad, med gnr. 43 i Kjerringøy, nå endra til gnr. 126 i Steigen, og likeeins områda sør for Sagfjorden av Hamarøy herad, dvs. så langt aust som til og med Forsan, med gnr. 96-103 i Hamarøy, nå endra til gnr. 127-134 i Steigen.

Frå før hadde Leiranger herad gnr. 1-31 og Steigen herad gnr. 32-95, så Steigen herad har (pr. 1.mars 1978) gnr. 1-134.

Skisse over heradsutviklinga - sjå fellesskisse over denne utviklinga for alle embeta i det gamle Salten sorenskrivarområdet, s. XV.

Steigen/Ofoten sorenskrivarembete.

Om deling av gml. Salten sorenskriveri i 1896, sjå s. III og IV.

Avgang/tilgang.

Ved kgl. res. 6.okt. 1911 vart den delen av Evenes herad og sokn av Ofoten prgj. som låg innafor Tromsø amts grenser frå 1.jan. 1912 lagd til Trondenes herad og prgj. i Tromsø amt.

Ved lov av 29.mai 1901 vart kjøpstaden Narvik oppretta, (Lovtid. 1901, 2.rekke, s. 249-251).

Ved kgl. res. 3.jan. 1902 vart embetsforretningane i Narvik fordelt:

- a. Sorenskrivaren i Steigen skulle ta seg av dommar-, byskrivar-, notarius publicus- og skifte- og auksjons-forvaltar-pliktene,
- b. futen i Salten oppebørselsforretningane,

c. politifullmektet ved Senja og Steigen politimeistarembete politi-
meistar-, eksekusjons-, magistrat- og rådstue-forretningane,
(.....). (Lovtid. 1902, 2.rekke, s. 4).

Ved kgl. res. 25.juli 1913 vart Narvik byfutembete oppretta.
Byfuten skulle overta forutan dei pliktene i Narvik som hadde kvilt
på Steigen sorenskrivar, også bl.a. magistrat- og rådstueforretning-
ane, (Lovtid. 1913- 2.rekke, s. 323).

Ved kgl. res. 22.mai 1953 vart Narvik byfutembete nedlagt og Narvik
sorenskriveri etablert, av Narvik kjøpstad og heradet Ankenes,
(lovtid. 1953, 2. rekke, s. 216)

Sjå vidare om Ankenes og Narvik s. XIV.

Ved kgl. res. 4.okt. 1963 vart det bestemt at det nye Steigen herad
(sjå s. X) skulle tilhøyra Salten domsokn, og vart såleis lagt
til Salten sorenskrivarembete.

Samstundes skifte Steigen sorenskriveri namn til Ofoten sorenskriveri.
Til Ofoten vart nå lagde Troms-herada Gratangen og Salangen (sist-
nemnde vart ved res. 23.juli 1976 delte i Salangen og Lavangen herad).

Tinglag.

Ved kgl. res. 2.mars 1903 vart Lødingen tinglag delt i to, i Lødingen
og Tysfjord tinglag, som svara til herada med samme namn.

Ved kgl. res. 10.mars 1903 vart Ofoten tinglag delt i to, i Evenes
og Ankenes tinglag, som svara til herada med samme namn.

Herad

Hamarøy herad

Sjå u. "Herad", s. II.

Ved kgl. res. 13.april 1962 vart Steigen nye herad etablert.
I samband med dette gjekk ein del av Hamarøy til Steigen (sjå
side X) og to gardar frå Hamarøy til Tysfjord, Desse to var tidl.
gnr. 1, Tysnes, og gnr. 2, Moldvik, i Hamarøy, nå endra til gnr.
80-81 i Tysfjord.

Hamarøy har pr. 1.mars 1978 gnr. 3-95 og 104-115.

Tysfjord herad.

Sjå u. "Herad", s. II.

Ved skyldsetjingsforretningar 14.sept., tingl. 16.des. 1918 vart to parsellar av statsalmenningen utskilde og skyldsette, til auke i matrikkelen. Parsellane fekk gnr. 78 "Stenstad" (26 skyldmark) og gnr. 79 "Bergsli" (24 skyldmark).

Om tilgang på to gardar ved kgl. res. 13.april 1962 - sjå u. Hamarøy herad (ovafor).

Tysfjord har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-81.

Ballangen herad.

Om samanføring av gardar i 1911, sjå u. Evenes herad, s. XII.

Ved kgl. res. 13.juni 1924 vart Evenes herad delt i to, i Evenes herad og Ballangen herad, som svara til soknene med samme namn. Ved kgl. res. 24.mai 1961 vart området av Lødingen herad sør for Ofotfjorden overført til Ballangen herad. Det galdt gnr. 41-63 og 85-94 i Lødingen, nå endra til gnr. 1-31 og 93-94 i Ballangen. Gardane i gml. Ballangen hadde gnr. 32-43 og 46-92, så heradet har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-43 og 46-94.

Evenes herad.

Sjå u. "Herad", s. II. u. "Avgang/tilgang", s. X, og u. Ballangen herad, s. ovafor.

I samband med skylddelingsforretningar, begge tingl. 1.des. 1911, vart desse gardane slått saman:

1. Tuva søndre, gnr. 44, bnr. 1 med Tuva nordre, gnr. 43, bnr. 1, slik at gnr. 44 gjekk ut av matrikkelen,
2. Håla, gnr. 45, bnr. 1, med Kalvåsen, gnr. 56, bnr. 2 og 3, med det resultatet at gnr. 45 gjekk ut av matrikkelen.

Ved skyldsetjingsforretning 19.okt., tingl. 17.des. 1934 vart det skyldsett ein del av statsalmenningen i Evenes, Bogmarka kalla, som fekk gnr. 93.

Ved kgl. res. 19.april 1963 vart delar av Lødingen og Evenes herad overførde til Tjeldsund herad. For Evenes sin del galdt det gnr. 1 Ramnes, som fekk nytt gnr. 94 i Tjeldsund.

Etter at gnr. 44 og 45 gjekk ut i 1911, gnr. 32-43 og 46-92 til Ballangen i 1924, gnr. 93 tillagt i 1934, og gnr. 1 til Tjeldsund i 1963, har Evenes herad (pr. 1.mars 1978) gnr. 2-31 og 93.

Tjeldsund herad.

Ved kgl. res. 23.sept 1908 vart Lødingen herad delt i to, i Lødingen herad, som svara til sokna med samme namn, og Tjeldsund herad, som svara til Hol sokn, frå nå av kalla Tjeldsund sokn.

Ved kgl. res. 19.april 1963 vart ein del av Lødingen herad overført til Tjeldsund, nemleg gardane på Tjeldøya. Desse hadde før gnr. 32-40 i Lødingen og fekk nå nye gnr. 85-93 i Tjeldsund. Attåt kom garden Ramnes frå Evenes herad (sjå ovafor).

Tjeldsund hadde frå før gnr. 64-84. Med dei ovannemnde tillegga har heradet pr. 1.mars 1978 gnr. 64-94.

Lødingen herad.

Sjå u. "Avgang/tilgang" og "Herad", side II, u. Ballangen Evenes og Tjeldsund herad, s. XII og XIII.

Lødingen herad har pr. 1.mars 1978 gnr. 1-31.

Narvik sorenskrivarembete/byfutembete.

Om etablering av kjøpstaden Narvik, Narvik byfutembete, om nedlegging av dette embetet og oppretting av Narvik sorenskrivar-embete, sjå s. XI.

Narvik bykommune.

Om deling av tidl. Ofoten herad, sjå s. III.

Etter at 1907-matrikkelen kom ut er to gnr. komne attåt i Ankenes/Narvik:

Ved skyldsetjingsforretning 10., tingl. 15.juli 1909 vart Fjellbu, gnr. 82, etablert, ved utskiljing frå Skjomen statsskog.


Ved do 16.aug., tingl. 1.sept. 1920 vart Trekanten av Rydningen, gnr. 83, etablert, ved utskiljing frå Statens almenning.

Ved kgl. res. 10.mars 1972 vart Narvik bykommune og Ankenes herad slått saman til ein, Narvik, bykommune.

Som ei følgje av at embetsdistriktet frå nå av kom til å bestå av berre ein bykommune, gjekk Narvik sorenskrivarembete over til å heita Narvik byfutembete.

Narvik bykommune har gnr. 1-83.

Felles oversiktsskisse over heradsutviklinga i det gamle Salten sorenskriveriområdet, frå innføringa av det komm. sjølvstyret til 1970-åra.



Sorenskrivarar i Salten.

Bundtzen, Peder	nevnt som skrivar over Salten 1613,1624
Erichssen, Nils	" " do 1645
Pederssen, Madtz	sorenskrivar 1653 iflg. supplikk
Jacobssen, Absalon	avsett i 1662
Rasch, Sjøfren Knudssen	1662-1664
Tommessen, Nils	1664-1684
Hveding, Christen Jenssen	1684-1696
Mogenssen, Andreas	1696-1720
Aagum, Truls	1720-1744
Hanssen, Christen	1744-1755
Schøning, Claus Ursin	1755-1769
Wessel, Jens Grønbech	1769-1776
Rosenvinge, Eiler Hagerup	1777-1793
de Knagenhjelm, Christen	1793-1800
Rist, Henrik Horneman	1801-1824
Heidenreich, Nicolai Fredr.	1824-1841
Koch, Peter Engerlaus	1841-1859
Astrup, Nicolai	1860-1871
Nergaard, Oluf Severin	1871-1896 Halvannen måned etter Nergaards død i embetet sommaren 1896 vart embetet delt, sjå s. III og IV.
Jæger, Ditlef Ephraim	1897-1912 I 1899 vart Bodø byfutebete oppretta, sjå s. IV.
Aas, Lars Olaus	1912-1933
Klouman, Carsen Wilhelm Anker	1934-1939
Rognlien, Bjarne Randers	1939-1947
Dunér, Wiggo	1947-1959 Om oppretting av Bodø sorenskriveri i 1950, sjå s. V.
Nordgaard, Harald Siderow	1960- Om nedlegging av Bodø sorenskriveri i 1967, sjå s. VI.

Sorenskrivarane Rosenvinge, de Knagenhjelm og Rist hadde bustad på Bertnes, gnr. 43 i Bodin. Astrup budde (1865-folketeljinga) på Støver gnr. 55 i Bodin.

Sorenskrivarar i Bodø sorenskriveri/byfuteembete (1951-).

Neiden, Leif Hjalmar Harald	1951-1961
Johansen, Johan Jentoft	1962-1969
Gjøviken, Lars K.	1970-1975
Hugaas, Kjell H.	1976-

Sorenskrivarar i Steigen/Ofoten.

Hansen, Nils Svenningsen	1897-1903
Jacobsen, Rolf	1903-1918
Hovdan, Bernt Evinius Beruldsen	1918-1926
Figenschou, Einar	1926-1933
Lund, Hjalmar	1934-1945
Meyer, Petter Jacob Semb	1946-1952
Bauge, Erling	1953-1959
Rindahl, Astrup Fredman	1960-1975
Hallvang, Hans-Jacob	1975-

Hansen hadde tilhald i Lødingen, Frå og med Jacobsen har sorenskrivarane i Steigen/Ofoten budd i Narvik.

Narvik sorenskrivarembete/byfuteembete (frå 1953-).

Ohlsen, Brunjulf	1953-1959
Meedby, Arne Kristian	1960-